

## Saksutredning:

### MELDINGER TIL VESTLANDSRÅDETS MØTE 8. FEBRUAR 2013

---

**Trykte vedlegg:** Ingen

**Utrykte vedlegg:**

---

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

### **M-Sak 1/13 Arbeidsinnvandring på Vestlandet-kort gjennomgang av forskningsprosjekt**

#### BAKGRUNN

Regionalt Forskningsfond (RFF) Vestland har tildelt 3 millionar kroner til forskningsprosjektet «Arbeidsinnvandring på Vestlandet». Hordaland står som prosjekteigar på vegne av dei fire vestlandsfylka. Søknaden er tidlegare drøfta i næringsgruppa i Vestlandsrådet.

Vestlandsfylka deltek i dette forskningsprosjektet saman med følgjande institusjonar: Høgskolen i Sogn og Fjordane (HISF), International Research Institute of Stavanger (IRIS), Møreforskning (MF), Senter for Interkulturell Kommunikasjon (SIK), Universitetet i Stavanger (UiS) og Vestlandsforskning (VF). Institusjonane har sidan 2010 samarbeida om å utvikle eit felles perspektiv på dei utfordringane og moglegheitene som innvandring generelt og arbeidsinnvandring spesielt inneber for samfunnsliv, arbeidsliv og lokalsamfunn på Vestlandet.

Bakgrunnen for prosjektet er at arbeidsinnvandring i større og større grad sett preg på arbeids- og samfunnsliv på Vestlandet. Vestlandsfylka er på landstoppen i arbeidsinnvandring, og fylka skil seg frå resten av landet når det gjeld mønster for arbeidsinnvandring. Mykje tyder på at arbeidsinnvandringa kan føre til varige endringar i sysselsettingsmønsteret og arbeidslivet på Vestlandet. Det eksisterer lite kunnskap om korleis offentleg sektor møter og handterer arbeidsinnvandringa og utnyttar erfaringar på tvers av forvaltningsnivå og kommunar.

#### INNHALD I FORSKNINGSPROSJEKTET

Det faglege fundamentet for prosjektet er eit ressursperspektiv på arbeidsinnvandring som sentral faktor for å sikre kompetanse og kapasitet i utviklinga av framtidens arbeids- og samfunnsliv på Vestlandet. Utan arbeidsinnvandring får verksemdar i både privat og offentlig sektor problem med å oppretthalde drift og produksjon. Vidare er arbeidsinnvandring i dag den viktigaste kjelda til befolkningsvekst og til å oppretthalde lokalsamfunn i distrikta. Arbeidsinnvandrarar utgjør etter alt å dømme ein nøkkelressurs for framtidig næringsutvikling, innovasjon og verdiskaping på Vestlandet. Fokus: innvandrarane er attraktive innbyggjarar for oss. Forskarane ønskjer å sette fokus på «mellomrommet» mellom eksisterande strukturar i primærkommunar, fylkeskommunar,

# Vestlandsrådet

det sivile samfunn og næringslivet i høve til å handtere dei potensielle utfordringane som den auka arbeidsinnvandringa representerer.

Det er knytt ei rekke problemstillingar til korleis innvandringa skal handterast slik at ressurspotensialet vert ivareteke på best mogleg måte, både for einskildindivid og for samfunnet.

Det sentrale temaet for forskninga vil vere knytt til kommunar og fylkeskommunar si rolle som samfunnsutviklar. Prosjektet er delt inn i tre delmål:

1. Grunnleggande kunnskap om arbeidsinnvandringa på Vestlandet
2. Kunnskap om i kva grad kommunane klarer å tilby tenester tilpassa arbeidsinnvandrarar
3. Kunnskap om offentleg informasjon til og for arbeidsinnvandrarar (frå kommunar og fylkeskommunar)

## FINANSIERING

Prosjektet har fått tildelt 3 millionar frå RFF Vestlandet. RFF finansierer inntil 70 % av den totale søknadssummen, og dei resterande 30 % er eigenandel. Denne eigenandelen vert dekkja av dei aktuelle forskningsinstitusjonane og dei fire Vestlandsfylka. Dei fire fylkeskommunane skal i utgangspunktet samla bidra med kr 429 000. Det vil seie kr 143 000 pr. år i tre år (kr 35 700 pr år for kvar av dei fire fylkeskommunane). Dersom finansieringsløysinga vert endra slik at fylkeskommunane må dekke meir, må kvar fylkeskommune ta stilling til det. Dette vert i så fall å kome attende til.

## FRAMDRIFT

Etter planen skal det i løpet av januar 2013 skrivast kontrakt mellom RFF og prosjekteigar (fylkeskommunane, ved Hordaland fylkeskommune). Deretter skal det skrivast ein avtale mellom prosjekteigar og forskningsinstitusjonane.

## **M-Sak 2/13 Referat frå AUs møte 230113**

### **Referat fra telefonmøte i AU 23. januar 2013 (kl 0800-0830)**

Med på møtet var fylkesordførerne Åshild Kjelsnes, Jon Aasen og Janne Johnsen, samt fylkesrådmann Tore Eriksen. Fylkesordfører Tom-Christer Nilsen var forhindret fra å delta.

## **AU-Sak 1/13 Overordna marin og maritim strategi for Vestlandet**

### **Bakgrunn**

På Vestlandsrådets møte 5. desember 2012 vedtok rådet å sende over følgjande forslag frå Jenny Følling til AU: "Det skal utarbeidast ein overordna marin- og maritim strategi for Vestlandet". Denne saka gjelder oppfølging av vedtaket.

# Vestlandsrådet

Utgangspunktet for oppdraget er forankra i rapporten «*Den maritime næringa på Vestlandet, Nøkkeltall 2010*» (VR-sak 24/12 m/vedlegg). Den maritime næringa på Vestlandet utgjer den marine næringsklynge og den maritime næringsklynge. I den marine klynga finst fiske, oppdrett, foredling, sal, tenesteleverandørar og utstyrsprodusentar. For den maritime klynga her vi reiarlag, verft, tenesteleverandørar og utstyrsprodusentar. Til saman utgjer desse godt over halvparten av den nasjonale økonomiske aktiviteten innafor næringa, sjølv om berre 35 % av føretaka finst her. Det ble omsett for over 238 milliardar kroner og ga ei verdiskaping på over 61 milliardar kroner. I perioden 2005-2011 har om lag 40 % av alle nyetableringar innan maritim næring vore på Vestlandet. Dei store trekka er at den maritime næringa på Vestlandet går godt, sjølv om det til dels er store utfordringar i den europeiske marknaden m.a. grunna finanskrisa. Den maritime klynga har nok har hatt større utfordringar enn den marine klynga i peioden 2008-2010. Det er gledeleg å slå fast at Vestlandet er betydeleg i norsk og europeisk samanheng innan maritim sektor. Motivet for å hente inn nøkkeltal for Vestlandet, var å nytte kunnskapsgrunnlaget til å påverke EU, nasjonale styresmakter og å påverke regionalt.

Forskning er viktig for all utvikling, og Norges Forskningsråd gjennomførte i 2012 ein prosess (Hav 21) for å utvikle ein ny nasjonal forskingsstrategi. Vestlandsrådet ga innspel til dette arbeidet gjennom rapporten «*Anbefalinger og tiltak til Hav 21, innspill til ny nasjonal forskingsstrategi*» (VR-sak 5/12).

Ny stortingsmelding om sjømat er under utarbeiding skal på offisiell høyring i 2013. Visjonen for meldinga er "*Norge – verdens fremste sjømatnasjon*". Stortingsmeldinga skal m.a. ta opp i seg problemstillingar frå Arealutvalet sin rapport "*Effektiv og bærekraftig arealbruk i havbruksnæringa – areal til bejær*". Vidare skal innspela til arbeidet med ny strategi for marin forskning og utvikling;

mellom anna skal "*Hav 21*", takast med. Vestlandsrådet gav innspel til Stortingsmeldinga i sak 20/12. Tema som var omhandla her var: infrastruktur, areal, styrking av marin forskning, forvaltning, utdanning og rekruttering og pilotsenter (for forskning og utvikling av prosessar og produkt).

Våren 2012 var det offisiell skiping av European Fisheries Technology Centre (EFTC). Dette er eit nettverk av samarbeidande marine forskingsmiljø i Europa. Føremålet med EFTC er å bidra til eit meir berekraftig utvikling innan europeisk fiskerisektor gjennom å sette fokus på forskning og innovasjon og utdanning og trening. Vestlandet, med Sogn og Fjordane fylkeskommune som initiativtakar, har løfta og forankra dette initiativet gjennom resolusjonar i Nordsjøkommisjonen og CPMR (Conference of Peripheral Maritime Regions).

Gjennom Vestlandssamarbeidet – Marin sektor (forkorta VestMarin) (tidlegare Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar), har vestlandsfylka frå og med 2011 etablert eit visst «organisatorisk samarbeid» – rett nok basert på frå sak til sak, innan tema fiskeri, havbruk, sjømat og bioteknologi. Tidlegare hadde dette samarbeidet tilgang til koordinator i 50 % stilling, medan leiinga i dag vert utført av sakshandsamarar i dei respektive vestlandsfylka.

I forskingsprosjektet «*Et kunnskapsbasert Norge*», er sjømatnæringa ei av tre næringar (av dei tretten som vart omtala) som fekk status som «globalt kunnskapsnav». Regjeringa sin visjon er at Norge skal bli «verdast fremste sjømatnasjon».

Skal Vestlandet oppretthalde si førande rolle i å utvikle ei berekraftig og framtidretta industri basert på marine råvarer og ressursar, kan ein felles veg mot dette målet vere viktig både for å koordinere framtidig bruk av ressursar og å sikre at vi dreg i same retning.

# Vestlandsrådet

## Om strategien – utfordringar og moglegheiter

I samband med at Vestlandsrådet ynskjer å utvikle ein overordna strategi for marin og maritim næring på Vestlandet, står vi overfor nokre grunnleggande utfordringar vi finn det rett å peike på:

*Breidda innan marin og maritim sektor er svært omfattande; og det vil vere til dels stor ulikskap i kva dei ulike næringane vil ha trong for: oljeindustrien, verftsindustrien, fiskeforedlingsindustrien, akvakulturnæringa og fiskeria har alle store og til dels ulike behov og preferansar.*

*Endringar i internasjonale konjunkturar kan råke visse næringane sterkt, særleg er dette merkbar innan maritim klynge. Dette er overordna og ytrepåverknader ein truleg vanskeleg kan løyse gjennom ein felles overordna strategi.*

*Tidvis utestenging av norske produkt og råvarer i mottakar er ei problemstilling både for fiskeri- og havbruksnæringa (t.d. utestenging av norsk laks i den europeiske marknaden, forbod mot eksport av norsk fisk til Russland, norske blåskjel i den europeiske marknaden osv.)*

*Konkurranseselementet innan marin og maritim sektor kan vere stort, og å samordne eller styre næringane kan vere ei lite ynskjeleg oppgåve utifrå å sikre konkurranseelementet.*

Slike faktorar kan gjere det vanskeleg å utvikle ein strategi for marin og maritim næring som dekker heile breidda. Vi vil difor fokusere på om det er særskilde utfordringar vi ser innan ulike segment av marin og maritim næringsutvikling, som med fordel bør løysast av vestlandet i fellesskap og gjennom at vi trekker i same retning. Ein kan sjå føre seg i alle fall to innfallsvinklar til kva strategien kan famne om:

- På kva område kan Vestlandsrådet, gjennom ein strategi, bidra til å styrke eller auke den marine/maritime verdiskapinga i vestlandsfylka?
- Korleis kan Vestlandsrådet, gjennom ein overordna strategi, bidra til å påverke rammetilhøva til marin og maritime næringar for å sikre fortsatt vekst i desse næringane her på Vestlandet?
- 

## Marin næringsklynge

Med bakgrunn i det som er skissert over, vil vi peike på nokre konkrete døme innan marin næringsutvikling der Vestlandsrådet, gjennom ein strategi, kanskje kan bidra:

### Rekruttering til marine næringar

*Vidaregåande skuler:* Vurdere om fagopplæringstilbodet i vidaregåande skuler og fagopplæring kan dekke næringa sitt behov for rekruttering? Er utvalet av linjer på vestlandet samordna og/eller spesialisert nok i høve til behovet? Er det god nok utveksling av kompetanse skulane imellom (både på lærar og elevsida)?

*Fagopplæring/vidareutdanning for vaksne:* Er dette behovet (som truleg i større grad må gå føre seg meir desentralisert og i kombinasjon med jobb) godt nok i dag eller kan dette vidareutviklast gjennom vidare samarbeide?

# Vestlandsrådet

## Korleis bli meir offensiv i å tale «det marine Vestlandet» si sak?

Kan vi ha utbytte av auka samarbeid om «overvaking» og å gje innspel i saker som har betydning for næringa (passiv tilnærming), og/eller vere meir proaktiv i høve til rammetilhøve (offensiv tilnærming).

## Auka grad av foredling av marine råvarer

Fiskeri- og kystministeren har lagt vekt på at større del av marin verdiskaping skal kome frå bearbeiding av råvarer. Bør Vestlandet svare på denne viktige utfordringa?

## Arealbruk

Tilgang til eigna areal er ein grunnleggjande faktor for vidare vekst i havbruksnæringa. Endring i klima og smittevernomsyn vil på sikt krevje endringar lokalitetsstrukturen. I marin arealplanlegging er det særskilt viktig å sjå større einingar i samanheng (planlegging interkommunalt, regionalt eller på tvers av fylka). Ein strategi med grunnlag i dette kan vere rettleiande for kommunar og fylkeskommunar.

## Forvaltning

Fylkeskommunane jobbar kontinuerlig med å betre kvalitet og effektivitet i sakshandsaminga for tildelinga av lokalitetar etter akvakulturlova og har godt samarbeid med dei andre regionale forvaltingsorgana. Ei dreining av fokus frå lokalitetar til soner og produksjonsområde vert ei utfordring som fylkeskommunane er forberedt på å møte. Dette kan vi kanskje i større grad førebu og handtere med eit Vestlandsperspektiv?

## **Maritim næringsklynge**

I den maritime klynga er kjerneverksemdene reiarlag og verft. I tillegg kjem tenesteleverandørar og utstyrproducentar, samt maritim verksemd frå petroleumsverksemda. Vestlandet utgjer det maritime tyngdepunktet i Noreg.

Medan det for marin klynge er godt samarbeid mellom fylkeskommunane, er samarbeid på tvers av fylkesgrensene lite utvikla innafor maritim klynge. Gitt ambisjonar om felles strategiar, må det, ikkje minst i denne sektoren, difor gjerast eit arbeid for å få til eit breiare samarbeid på Vestlandet mellom næring, FoU, nettverk og offentlege aktørar for å kunne stå samla i påverknadsarbeidet. Vestlandsrådet er i tilfelle ein aktuell initiativtakar.

Med tanke på involvering, forankring og utmeisling av aktuelle felles prioriteringar, er følgjande formuleringar frå «plattform for Vestlandsrådet» aktuelle: «Invitera relevante partar til å delta i eit

strategisk marine- og maritimt partnerskap på Vestlandet med ansvar for å marknadsføre, synleggjere og påverke sentrale og internasjonale styresmakter.»

## **Framlegg til vidare handling**

Skal ein strategi ha ei praktisk nytte, er det viktig at aktørane som er rørte av strategien, føler eigarskap (og dermed føler ein viss grad av forplikting) til denne. Dette inneber at vidare prosess bør ha høg grad av involvering frå dei rørte partane.

I kapittelet overfor er det peika på ei (ikkje uttømmende) liste over visse område med potensiale for å bli styrka gjennom ein felles strategi. Fylkesrådmannen vil be om Vestlandsrådet si tilslutning

# Vestlandsrådet

til i første omgang å fokusere på og utvikle ein overordna strategi som dekker eitt eller få av tema som er peika på i kapittelet over.

Fylkesrådmannen ser føre seg ei gradvis tilnærming til kva tema strategien skal famne om. Prosessen kan skisserast slik:

1. Nærare gjennomgang av materiale og dokumentasjon som kan vere aktuelle som rammer/føringar for strategien og for val av tema. Under kapittelet om «Bakgrunn» er det liste nokre av dei aktuelle utgreiingane. I tillegg har Rogaland fylkeskommune i 2012 utarbeidd ein akvakulturstrategi for Rogaland og Sogn og Fjordane er i gong med ein verdiskapingsplan der m.a. marine næringar vil ha sin plass. Vidare aktivitet for å utvikle ein overordna strategi på vestlandet må også vurdere element som vert vektlagt i desse og andre strategiske planer i dei fire vestlandsfylka.
2. På bakgrunn av sonderinga omtalt i første punkt, skal det lagast eit notat med framlegg til prioriterte tema for å få synspunkt på kva som vert vurdert som interessant og handterbart som fellesinitiativ i Vestlandsrådet.
3. Når tema og avgrensingar er på plass, skal det lagast ein sak til Vestlandsrådet hausten 2013 der tema vert forankra og vidare prosess med strategien presentert.
4. Overordna marin/maritim strategi bør vere ferdig 1. kvartal 2014.

Ein ser at skissert prosess for å utvikle ein overordna marin/maritim strategi på Vestlandet er omfattande og ressurskrevjande.

Fylkesrådmannen ser føre seg innkjøp av ekstern kompetanse for å koordinere og ha fagleg ansvar for utviklinga av strategien, og ber om at Vestlandsrådet sett av økonomiske midlar for gjennomføring av dette arbeidet. Det er vanskeleg å estimere eksakt kor stort beløp som trengs, dette vil vere avhengig om ein undervegs har trong for å få utført analyser eller samle inn utfyllande dokumentasjon som grunnlag for strategien. Vi ber om at det i denne omgang vert sett av inntil kr. 250 000 for å dekke utgifter til innhenting av eksisterande grunnlagsdokumentasjon, gjennomføring og koordinering av arbeidet med å utvikle ein overordna strategi.

Saka foreslås å sende til Vestlandsrådet for endeleg vedtak. Saka inneheld eit forslag om ei løyving på kr 250 000 og den vil vinne på å få Vestlandsrådets innspel til mandat.

## ***Fylkesrådmannens forslag til vedtak:***

AU tar saka til orientering og føreslår at saka vart fremma til Vestlandsrådet med fylgjande forslag til vedtak:

1. Det vert sett i gang eit arbeid for å utvikle ein overordna marin og maritim strategi for Vestlandet.
2. Til ekstern konsulenthjelp løyves kr 250 000,-
3. Før arbeidet vert starta skal fylkesrådmannen godkjenne plan for strategiarbeidet.

## **Vedtak:**

Som fylkesrådmannens forslag

# Vestlandsrådet

## AU-Sak 2/13 Styrka samarbeid mellom Vestlandsrådet og Næringsforum Vest

### Bakgrunn

Næringsforum Vest har gjennom fleire innspel til Vestlandsrådet markert at dei ynskjer eit tettare samarbeid med rådet. Dette notatet er ei oppsummering og eit forslag til korleis dette kan løysast.

### Næringsforum Vest

Næringsforum Vest er samansett av NHO og LO i dei fire vestlandsfylka, og vart skipa i 2010. Forumet peikar på følgjande saker som døme på kva dei ynskjer å arbeide med:

«Samferdsel/infrastruktur, herunder

Fergefri kyststamvei

Stamveier generelt

Utdanning

Øke kunnskapen om Vestlandets betydning for nasjonal verdiskaping

Fremme samarbeid mellom Vestlandsfylkene»

Næringsforum Vest har levert følgjande til Vestlandsrådet så langt:

- Aksjon lærebedrift
- Samferdselsløftet
- Verdiskaping fra gass på Vestlandet

Næringsforum Vest samlar mange av dei viktige partane i det tradisjonelle regionale partnerskapet på heile Vestlandet. Det er difor ikkje særleg tvil om at Vestlandsrådet og Næringsforum Vest har mange tangeringspunkt. Dette gjeld særleg sidan Vestlandsrådet tradisjonelt har arbeidd med mange næringssaker og sjølvstøtt med samferdsle.

### Utvida samarbeid:

Dersom eit samarbeid skal forsterkast, må det takast omsyn til at Vestlandsrådet ikkje sjølv sit med økonomiske ressursar, men legg mest vekt på den politiske kapitalen som først og fremst er styrken Vestlandet viser med å stå fram samla i viktige saker. Samstundes er effekten av brei semje i Vestlandsrådet at også dei enkelte fylka følgjer opp vedtak eller intensjonar i sine formelle vedtak. Difor kan drøftingar i Vestlandsrådet lette den politiske handsaminga i det enkelte fylkesting. Det vert føresett at begge partar ynskjer å systematisere eit samarbeid.

Det kan tenkjast to hovudalternativ:

1. Næringsforum Vest fremmer saker formelt og eventuelt møte Vestlandsrådet for å forsterke og tydeleggjere hensikt og ynskt resultat av saka.
2. Faste drøftingsmøter der saker også kan takast opp for drøfting og til felles informasjon.

# Vestlandsrådet

Alternativ ein vil vere det enklaste og ryddigaste, men med denne arbeidsmåten vil begge partar misse høvet til uformelle drøftingar.

## **Fylkesrådmannens forslag til vedtak:**

Vestlandsrådet ynskjer å systematisere samarbeidet med Næringsforum Vest, og vurderer forumet slik at det har varig karakter og interesse i saker som også Vestlandsrådet ynskjer å handsame. Vestlandsrådet går inn for at Næringsforum Vest frå 2014 vert inviterte til eitt årleg møte, det første i året, for å drøfte saker med felles interesse. Dersom Vestlandsrådet ynskjer eit slikt drøftingsmøte i 2013 vert det å avtale særskilt. Begge partar bør melde inn saker dei ynskjer å drøfte på førehand. Saker som kjem opp gjennom året og som krev handsaming av Vestlandsrådet, vert å fremje på ordinær måte.

## **Vedtak:**

Som fylkesrådmannens forslag

## **AU-sak 3/13 Satse på avisbilag?**

### **Bakgrunn**

Sekretariatsleder får tidvis tilbud til Vestlandsrådet om å få laget avisbilag. Konkret gjelder det nå et bilag i Dagens Næringsliv hvor Vestlandet og Vestlandsrådets arbeid blir beskrevet. Konkret koster det rundt kr 100 000 for Vestlandsrådet; resten dekkes opp gjennom annonser.

Muligens er det et behov for Vestlandet å markere seg nasjonalt gjennom denne type medietiltak. Det vil være en god anledning for å sette aktuelle politiske saker på dagsorden "for hele Norge". På den annen side har sekretariatleder fått et inntrykk av at erfaringer frå tidligere, i 2010, ikke entydig var gode. Det var krevende å sikre at innholdet ble slik en ønsket og at det lett kunne gi et feil inntrykk av landsdelen.

Forslaget er derfor å avvente og gå vidare med dette før nærmere behov er definert og vurdert.

## **Vedtak:**

Det var enighet om å være svært tilbakeholden før en går inn i et slikt samarbeid om avisbilag.

## **AU-sak 4/13 Mandat for filmmelding for Vestlandet**

### **VESTNORSK FILMPOLITIKK**

Vestlandsrådet fatta i VR-sak 21/12 følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av arbeidet med ein vestnorsk filmmelding. I arbeidet må det vera ein representasjon som ivaretek alle fylka på Vestlandet.
2. AU i Vestlandsrådet får fullmakt til å vedta endeleg mandat og organisering av arbeidet.



# Vestlandsrådet

3. AU kan løyve inntil kr 300.000 til prosess for utarbeiding av ei melding om Vestnorsk filmpolitikk etter nærare spesifisert budsjett.

## MANDAT FOR ARBEIDET

Regional filmproduksjon i Noreg er i stor grad avhengig av, og eit resultat av, regionale og kommunale filmpolitiske initiativ, som til dømes filmsentra, ulike filmfond og filmkommisjonar.

I nasjonal samanheng er Vestlandet det andre tyngdepunktet i norsk film. At Vestlandet har ein kraftfull filmbransje er såleis og grunnleggande for filmutviklinga i Noreg.

Den sterke sentraliseringa på filmområdet er ei hovudutfordring for den regionale bransjen, og Vestlandsrådet etterlyser såleis ei meir offensiv haldning til korleis regional filmproduksjon kan styrkast. Som eit klårt andre sentrum for filmproduksjon i Noreg, må Vestlandet sikrast innflytelse ved overføring av mynde og midlar. Nokre av desse er statlege, og drøftingar om desse må i så fall gjerast i forhold til sentrale mynde. Her vil eit samla Vestland kunna ha tilstrekkeleg tyngde.

På denne bakgrunn er det naudsynt at det vert gjort ein gjennomgong av dei statlege, regionale og kommunale filmpolitiske verkemiddel på Vestlandet, for mellom anna å få innspel til korleis desse verkemidla best kan innrettast og eventuelt styrkast. Dette kan danna grunnlaget for ein meir målrettaog samla filmpolitikk til beste for ein sterk utvikling av filmmiljøet i heile regionen. Vidare kan det gje innspel til ei meir føremålstenleg innretting av den nasjonale filmpolitikken, i samsvar med regionale forventningar.

Det vert sett i gong arbeid med ei melding som skal danna grunnlaget for ein vestnorsk filmstrategi.

## FRAMLEGG TIL MANDAT

Hovudmålsettinga for arbeidet må vera å styrka filmfeltet på Vestlandet så vel kunstnarisk som bransjemessig. Det skal vera fleire filmkunstnarar og filmarbeidarar som har sitt verke på Vestlandet, og Vestnorsk filmproduksjon og formidling skal vere bærekraftig og av høg kvalitet.

Arbeidet skal gjennomgå filmpolitiske verkemiddel og legge fram forslag til forbetringar og eventuelt nye verkemiddel, med utgangspunkt i dagens verkemiddelaktørar Filmkraft, Filmfondet Fuzz AS og Vestnorsk filmsenter. Målet med meldinga er å styrke arbeidet med film på Vestlandet gjennom eit utvida samarbeid.

Vidare må ein i arbeidet sjå på suksesskriteria som

- Tal på produksjonar med Vestlandet som opptaksstad (location)
- Tal på produksjonar med manusforfattarar, regissørar og produsentar frå Vestlandet
- Auke i tal på debutantar innan filmfeltet på Vestlandet (rekruttering)
- Indikatorar på kvalitetsheving av film frå Vestlandet
- Kvalitet og omfang av formidling av film på Vestlandet

# Vestlandsrådet

- Verksemda til filmfestivalar
- Tal på filmarbeidarar, produksjonsselskap og omsetnad på Vestlandet
- Indikatorar for næringspolitiske ringverknader (reiseliv, leverandørar, tilflytting m.v.)
- Rolla til utdanningsinstitusjonar/utdanningsfeltet innan vidaregåande og høgare utdanning.

Under arbeidet må ein rådføre seg med relevante næringar, scenekunst- og forfattarmiljø, utdanningsinstitusjonar, TV-kanalar, visningsstader, offentlege organ m.v. Det må vidare takast omsyn til eksisterande filmpolitiske dokument og føringar og pågåande arbeid frå Kulturdepartementet.

## ORGANISERING

AU skal vere styringsgruppe for arbeidet med filmmeldinga/strategien.

Det vert engasjert ekstern konsulent til gjennomføringa. Det vert sendt ut forenkla tilbod med kravspesifikasjon.

## ARBEIDSGRUPPE

Det etablerast ei arbeidsgruppe som møtast jamnleg og som drøftar utkast av meldinga og kjem med innspel til konsulent.

Arbeidsgruppa skal bestå av dei aktørane som er særskilt viktige for utarbeidinga av meldinga: Representantar frå dei fire vestlandsfylka, som dekkjer både kultur- og næringsfeltet innan film. Representantar frå Stavanger og Bergen kommune. Representantar frå Filmkraft, Fuzz AS og Vestnorsk filmsenter. Ekstern konsulent leiar møtet.

## SAMLINGAR

For å få innspel frå filmbransjen skal det arrangerast 1 til 2 workshops, der ein å samler næringa kring nokre viktige tema/strategiar/mål. Aktuelle deltakarar er til dømes ulike filmorganisasjonar, produksjonsselskap og utdanningsinstitusjonar. Her er det naturleg at den innleigde konsulenten er ordstyrar for å sikre at prosessen vert mest mogeleg nøytral. Opplegget rundt dette vil organiserast nærare med ekstern konsulent.

Det bør òg samarbeidast med relevante forskings- og utdanningsinstitusjonar.

## ARBEIDSPLAN

Januar 2013: Handsaming i styringsgruppa (AU)

Februar 2013: Utsending av forenkla tilbod

Møte 1, februar/mars: Møte i arbeidsgruppa. Avklaringar. Planlegging av første workshops.

# Vestlandsrådet

Møte 2, mars/april: workshop/innspekingskonferanse. Me ønskjer ei samling tidleg med filmbransjen for at desse skal få eigarskap til arbeidet. Ope møte.

Møte 3, april/mai: Møte i arbeidsgruppa - diskutere kva som er skrive til no. Endringar.

Møte 4, august: Workshop. Samling med filmbransjen med noko mindre omfang. Utvalgte deltakarar, fortrinnsvis organisasjonane og institusjonane.

Møte 5, september: Møte i arbeidsgruppa: Vurdere utkast.

Møte 6, november: Møte i arbeidsgruppa. Vurdere endeleg utkast.

Desember: Handsaming i styringsgruppa (AU).

Januar 2014: Handsaming i Vestlandsrådet.

## BUDSJETT

Dei avsette midlane skal dekkja honorar til konsulent og utgifter til samlingar. Deltakarane i arbeidsgruppa dekkjar sjølv kostnader til dette. Budsjettet må justerast når ein ser kva pristilbod som kjem inn, men det bør kunna settast eit pristak på kr 250.000 til konsulent. Det vert då kr 50.000 til dekking av samlingar.

### ***Fylkesrådmannens framlegg til vedtak:***

1. AU sluttar seg til mandat og organisering slik saka skisserar.
2. Det vert sendt ut forenkla tilbod til konsulentar med pristak på kr 250.000.
3. Det vert sett av inntil kr 50.000 til prosess og samlingar.

### **Vedtak:**

I samsvar med fylkesrådmannens framlegg til vedtak

## Meldinger i AU

### **M 1/13 Ønske om å sammenlikne statsbudsjettet fordeling mellom Oslo-området og Vestlandet**

Torill Selsvold Nyberg ba på møtet i Vestlandsrådet 221012 administrasjonen om å "Gå nøye inn i statsbudsjettet for å sjå på skeivfordelinga mellom Vestlandet og Oslo-området. Det mådokumenterast med tall og budsjettområde. Bakgrunnen er at Vestlandet ikkje må sakka akterut i høve til eiga utvikling."

Denne problemstillingen og spørsmålet som bringes opp, er svært omfattende. En troverdig analyse krever at det må gjøres en større jobb. Statsbudsjettet omfatter et stort antall budsjettposter og -områder. Skal det gjennomføres en god sammenlikning må virkningene av budsjettfordelingen vurderes ut fra både økonomiske, næringsmessige og sosiale forhold. Det foreslås derfor ikke å sette i gang en slikt omfattende analysearbeid. Fylkesrådmannen vil likevel løpende vurdere om det er aktuelt å gjøre slike sammenlikninger.

*AU sluttet seg til disse vurderingene*

### **M 2/13 Samordning av de internasjonale strategiene for fylkeskommunane**

I Vestlandsrådet sitt møte 22. oktober 2012 vart følgjande vedtak gjort: «[Vestlandsrådet] oppfordrar AU til å sjå på muligheita til å samordne dei ulike fylka sitt arbeid med å revidere dei internasjonale strategiane".

Den internasjonale arbeidsgruppa i Vestlandsrådet førebur no ein sak til møtet i Vestlandsrådet 8. februar som tar for seg kor dei ulike fylka har kome i strategiprosessane sine og kva for potensial som ligg i ei muleg samordning på Vestlandet, ikkje av dei skriftlege strategidokumenta men av dei konkrete tiltaka innanfor det internasjonale arbeidet.

### **M 3/13 Under arbeid til neste møte**

Vestlandsrådet har bedt AU om å vurdere diverse saker:

- El-tilstand i tunneler og etterslep i vegvedlikeholdet
- Flaskehalsar langs E39 som følge av at ferger blir satt ut av drift
- Arbeide for felles merkevareordning for lærebedrifter

Disse sakene er satt i arbeid men kunne ikke på grunn av arbeidsomfanget legges fram på dette møtet.

# Vestlandsrådet

## M 4/13 Tidlig presentasjon av kommende kulturmelding

Det arbeides med å få en representant fra Kulturdepartementet til å orientere om meldinga på møtet i Vestlandsrådet 8. februar.

*Janne Johnsen viste til at en skulle være noe tilbakeholden med å ta opp nye store oppgaver i Vestlandsrådet som kanskje denne saka kunne være et tegn på. Hun nevnte også kommende Utdanningsmelding som aktuell sak for rådet.*

## M 5/13 Vestlandskonferansen

Kommende Vestlandskonferanse holdes i Stavanger konserthus 21. februar 2013. Invitasjoner vil gå ut snart. Programmet for konferansen:

### **Det grenseløse Vestland**

#### **- Grenseløst samarbeid gir grenseløse muligheter**

Velkommen til Vestlandskonferansen 21. februar i Stavanger konserthus fra klokken 9.30 til 15.30.

#### **Program:**

9.30-9.40:

#### **Å Vestland, Vestland ...**

Helga Guren

9.40-9.50:

#### **Velkommen**

Stein Klakegg, Sparebanken Vest og Harald Minge, Næringsforeningen

9.50-10.05:

#### **Mitt grenseløse Vestland**

Gjennom godt samarbeid skal vi på Vestlandet takle de grenseløse mulighetene.

*Fylkesordfører Janne Johnsen*

10.05-10.40:

#### **Pulsen på Vestlandet**

Vestlandsindexen presenteres av Hallgeir Isdal

Samtale med avisredaktørene Gard Steiro (BT), Yngve Årdal (Firda) og Hanna Relling Berg (Sunnmørsposten): **Hvor skal dette ende?**

10.40-11.20

#### **Framtidens luftfart**

Konsernsjef i SAS, Richard Gustavson

11.20-11.40:

#### **"Preben jr." og Pål Mangor Kvammen om økonomi og samferdsel ...**

# Vestlandsrådet

11.40-12.40:

Lunsj

12.40-13.15:

## **En europeers betraktninger om Vestlandet**

Göran Persson er tidligere svensk statsminister og en av Skandinavias mest markante politikere de siste tiårene.

13.15-13.45:

## **Gullkysten – i mulighetenes land**

Fiskemilliardæren Ola Braanaas har vært kommunist og punkebassist. Nå er han en oppdretter litt utenom det vanlige. Hør hans suksesshistorie og hans oppskrift på hvordan potensialet for vekst, verdiskaping og sysselsetting i havbruk- og fiskenæringen kan realiseres.

13.45-14.05:

Pause

14.05-14.45:

## **Samferdsel i Vest:**

### **- Fergefritt langs vestlandskysten (20 minutt)**

Prosjektleder Olav Ellevset, Statens Vegvesen

### **- Nasjonale havner, samarbeid eller alle mot alle? (10 minutt)**

David Ottesen, adm. direktør Risavika havn

### **- Nå går toget for Vestlandet (ti minutt)**

Atle Kvamme, Bergen Næringsråd

14.45-15.20:

## **Kunnskap og konkurransekraft**

Vestlendingen Erna Solberg seiler i medvind for tiden, men hva er hennes drømmer for Vestlandet?

15.20-15.30:

## **Kulturelt innslag/avslutning**

### **Konferansierer:**

Toril Våland, NRK Rogaland

Tom Hetland, Stavanger Aftenblad

# Vestlandsrådet

## **M-Sak 3/13 Vestlandskonferansen**

Det vises til program i meldingssaken ovenfor. Påmelding skjer etter tidligere praksis gjennom fylkeskommunen.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

### **Forslag til vedtak:**

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Meldingene tas til orientering

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

# Vestlandsrådet

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*